Emnenr. 11. Fylke: Aust-Agder

Emne: Ymse alståfôr. Herad: Birkenes

Oppskr. av. Andreas Kopsaid Gard: Svaland
NEG.

Heimelsmann: Thorvald Svaland, f. 1872 på Svaland og bonde der.

I A.

T. S. kan minnast at dei tok kvekke då han var ganske ung. Den gongen hadde dei åker på same staden år etter år. Då var det mest fast jobb at det gjekk kvinnfolk etter plogen og pila opp kvekerøtene. Dei bar røtene heim i bøtte eller det som høvde, vaska dei og gav dei til kyrne. Det var godt fôr.

Ukjent at dei nytta andre ugrasrøter slik.

B.

1-6 Ukjent

II

Svaland er ein heiegard, så det er ikkje aktuelt å nytta tang og tare som fôr.

III Det hende dei hengde potetriset opp på gjerde, tørka det litt og gav det til kyrne som det var med det same.

IV. Mosemôka ikkje brukt som fôr.

V.

1. Det er ikkje vanleg å koke mat til kyra. Tidlegare kokte dei vatn, blanda det opp

16529

så det vart passeleg varmt, strödde mjöl på - kreturmel - og gav kyrne. Dei fekk det i surpebötter.

2. Like til det siste har kyrne fått hakkelse. För fekk dei den i surpeböttene. T.S. fekk nye uthus i 1930 og der vor der renner, men det e ikkje alle som har renner enno.

3. Ein slo lunka vatn over.

4. Ukjent.

5-6. Fell bort.

7. Ein kokte laum på björkelauv og halm og hadde på surpeböttan.

VI.

Eit år kjöpte dei svært mykje salt sild i Kristiansand og gav kyrne. Det vor etter 1930 men T.S. kan ikkje hugsa grunnen til at dei kjöpte så mykje sild. Dei gav silda heil, slengte ei sild i förrenna til kvar ku.

16529